

Straume, 18.01.2018

Overvannshåndtering Angeltveit gnr 23, bnr 318

I samband med omregulering av gnr 23 bnr 318 skal det gjerast greie for handtering av overvatn. Utbyggingen er slutføring av eksisterande felt der det ligg føre VA plan utarbeida av Haugen VVA. Viser til denne plan for detaljar. Dette notat omfattar handtering av overvatn på nemnde eigedom i samband med omregulering.

Området består i dag av skrint vegetasjonsdekke på fjell. Overvatn har naturler avrenning til terreng mot sør/søraust.

Ved utbygging iht framlegg i reguleringen vil det området få meir konsentrert avrenning av vatn som vert leia vekk frå tette flater som tak og asfalterte områder. Dette vatnet vert leia til terreng via naturleg fordrøyning i sprengte masser på eigedomen. Delvis gjennom utsprengt berg og delvis via fylling.

Ved nødflo og ekstreme vannmengder vil vatn bli leia vekk over terrengnivå via veger og grøfter. Plassering av byggverk på eigedomen iht regulering legg til rette for gode fallforhold vekk frå desse og minimalisere risiko for skader på byggverk og installasjonar.

Samla vannmengde vert uendra før og etter tiltaket og det er god kapasitet både på fordrøyning og avrenning til terreng slik at den samla effekt av overvannshandtering vil gjere situasjonen om lag uendra frå i dag.

Med venleg helsing

Sartor Maskin AS



Are Mjøs
Anleggsleiar